



# OSTERØY KONTROLLUTVAL

## PROTOKOLL

- Møtedato: 14.02.2023, kl. 12.00 – 15.30
- Stad: Heradsstyresalen, Osterøy rådhus
- Tilstades: Kato Melchersen (leiar), Margrethe Riple Ådland (nestleiar), Ann Christin Reigstad (medlem), Jon Daltveit (medlem), Ole Johannes Mjøs (medlem)
- Forfall:
- Andre: Ordførar Lars Fjellstad (sak 06/23), Rådmann Ingvild Kirsti Hjelmtveit (sak 04/23, 05/23 og 06/23), økonomisjef Øyvind Johannesen (sak 04/23)
- Frå revisjonen: Revisjonssjef, Janne Eraker og forvaltningsrevisor, Ragnhild K. Høyland, Vestlandsrevisjon IKS
- Sekretær: Trude Bruket, Region Nordhordland IKS

## INNHALDSLISTE

01/23 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet.....	2
02/23 Godkjenning av protokoll frå førre møte.....	2
03/23 Meldingar.....	3
04/23 Orientering om finansielle måltal og kommunal økonomisk berekraft – inkl. kort status om avslutning av årsrekneskapan.....	3
05/23 Tilbakerapportering: Oppfølging av tilrådingar etter forenkla etterlevingskontroll 2021 med tema betaling for langtidsopphald på sjukeheim.....	4
06/23 Aktuelt i Osterøy kommune.....	4
07/23 Orientering: revisjonsrapport interim 2022.....	5
08/23 Prosjektplan forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema «investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering».....	5
09/23 Plan for eigarskapskontroll 2020-2024 – oppfølging/oppsummering.....	6
10/23 Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 – oppfølging/oppsummering.....	7
11/22 Osterøy kontrollutval årsmelding 2022.....	8
12/22 Møteprotokollar frå politiske utval.....	9
13/22 Eventuelt.....	9



## 01/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 14.02.2023 er godkjent.

### HANDSAMING I MØTET

Ingen merknader.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 14.02.2023 er godkjent.

## 02/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møteprotokoll frå møtet 02.12.2022 er godkjent slik den ligg føre.


### HANDSAMING I MØTET

Ingen merknader.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 02.12.2022 er godkjent slik den ligg føre.



### 03/23 MELDINGAR

- a. Budsjettvedtak kontrollutvalsarbeidet 2023
- b. Årsrapport kontrollutvalssekretariatet 2022
- c. Invitasjon til fagkonferanse for kontrollutval 31.5.-1.6.2023

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.

---

#### HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalsleiar peika på ein feil i ein tabell 1, s. 5 i kontrollutvalssekretariatet si årsmelding. Dette var alt retta i den versjonen som skal presenterast til eigarane.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

---

#### VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.

### 04/23 ORIENTERING OM FINANSIELLE MÅLTAL OG KOMMUNAL ØKONOMISK BEREKRAFT – INKL. KORT STATUS OM AVSLUTNING AV ÅRSREKNESKAPEN

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen gitt i møtet til orientering.

---

#### HANDSAMING I MØTET

Økonomisjef Øyvind Johannesen gav ein presentasjon i saka. Presentasjonen vert lagt ved protokoll.

Kontrollutvalsmedlemmene stilte spørsmål og fekk svar.

Kontrollutvalsleiar tok opp at kommunen bør vedta måltal. Kontrollutvalet drøfta om utvalet skal anbefale heradsstyret å vedta måltal.

Kontrollutvalet ynskte å leggja til eit andre ledd i tillegg til sekretariatet sitt framlegg til vedtak.

*Kontrollutvalet vil anbefala heradsstyret å gjera vedtak om finansielle måltal for disposisjonsfond og gjeldsgrad.*

Dette vart samrøystes vedteke.



---

## VEDTAK

1. Kontrollutvalet tek informasjonen gitt i møtet til orientering.
2. Kontrollutvalet vil anbefala heradsstyret å gjera vedtak om finansielle måltal for disposisjonsfond og gjeldsgrad.

---

## 05/23 TILBAKERAPPORTERING: OPPFØLGING AV TILRÅDINGAR ETTER FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL 2021 MED TEMA BETALING FOR LANGTIDSOPPHALD PÅ SJUKEHEIM

---

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

---

### HANDSAMING I MØTET

Økonomisjef Øyvind Johannesen orienterte i saka.

Kontrollutvalsmedlemmene stilte spørsmål og fekk svar.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

---

## VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

---

## 06/23 AKTUELT I OSTERØY KOMMUNE

---

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

---

### HANDSAMING I MØTET

Saka vart handsama etter sak 07/23.

Rådmann Kirsti Ingvild Hjelmtveit orienterte kort om.

- Personalmangel.
- Valestrand busslomme – uheldige anbudsrundar. Vert truleg ei rettsak her.
- Satsar no på opplæring og heving av kompetanse innafør offentleg innkjøp.
- Reguleringsplanar i høve kommuneplan.
- Sett fokus på teneste-ROS som del av internkontroll.



- Høgt sjukefråvær i tenestene.

Kontrollutvalsleiar stilte spørsmål og fekk svar.

Ordførar Lars Fjellstad orienterte kort om:

- Interkommunal plan for sjøareal.
- Statnett planlegg ei større utbygging som kjem til å påverka Osterøy.
- Får besøk av kommunalministeren i slutten av månaden.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

---

## VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

---

## 07/23 ORIENTERING: REVISJONSRAPPORT INTERIM 2022

---

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek revisor si orientering om interimsrevisjonen til informasjon.

---

### HANDSAMING I MØTET

Saka vart handsama etter sak 05/23.

Revisjonssjef, Janne Eraker, orienterte om interimsrevisjonen.

Kontrollutvalet drøfta informasjonen, og peika på at ein del punkt går att

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

---

## VEDTAK

Kontrollutvalet tek revisor si orientering om interimsrevisjonen til informasjon.


---

## 08/23 PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT MED TEMA «INVESTERINGSROSJEKT; ROSJEKTERING, OPPFØLGING OG RAPPORTERING»

---

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet har handsama prosjektplanen «*Investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering*» og godkjenner den slik den ligg føre frå Vestlandsrevisjon IKS.
2. Kontrollutvalet ynskjer ferdigstilling og handsaming av prosjektrapporten innan utgangen av september 2023.



3. Kontrollutvalet ber om å få korte statusrapportar i komande møte.

---

#### HANDSAMING I MØTET

Forvaltningsrevisor Ragnhild K. Høyland presenterte planen.

Kontrollutvalet drøfta prosjektplanen.

Revisor føreslo å utsetja ferdigstilling av rapport noko med omsyn til høyringsrundar. Kontrollutvalet drøfta at det kan vera greitt at rapporten vart framlagt for nytt kontrollutval.

Kontrollutvalet drøfta sekretariatet sitt framlegg til vedtak, og ynskte å ta ut «september» i punkt 2. Dette vart samrøystes vedteke.

---

#### VEDTAK

1. Kontrollutvalet har handsama prosjektplanen «*Investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering*» og godkjenner den slik den ligg føre frå Vestlandsrevisjon IKS.
2. Kontrollutvalet ynskjer ferdigstilling og handsaming av prosjektrapporten innan utgangen av 2023.
3. Kontrollutvalet ber om å få korte statusrapportar i komande møte.

---

### 09/23 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2024 – OPPFØLGING/OPPSUMMERING

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

##### **Alternativ 1**

1. Kontrollutvalet har følgd opp plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024, vedteke i heradstyret i sak 104/20.
2. Kontrollutvalet ynskjer å bestille framlegg til prosjektplan for ein eigarskapskontroll med tema ..... hos Vestlandsrevisjon IKS
3. Prosjektplanen, med forslag til problemstillingar, framdriftsplan og timeestimat, skal handsamast av kontrollutvalet innan september 2023.
4. Prosjektet kjem til å gå inn i neste kommunestyreperiode, og vil verta slutthandsama av nytt kontrollutval og nytt heradsstyre.

##### **Alternativ 2**

1. Kontrollutvalet har drøfta plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024, vedteke i heradstyret i sak 104/20.



2. Utvalet har handsama ein eigarskapskontroll i inneverande periode, av Osterøy utvikling, som vart handsama av heradsstyret i sak 103/20 den 24.11.2020. Denne vart bestilt i førre periode.
3. Kontrollutvalet prioriterer ikkje å setje i gong ein eigarskapskontroll i inneverande periode, då forvaltningsrevisjon har vorte prioritert høgare.

---

## HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta plan for eigarskapskontroll. Kontrollutvalet ynskjer å setja i gong ein eigarskapskontroll. Kontrollutvalet drøfta tema, og ynskjer å følge planen, og velje tema Osterøy aktiv.

Kontrollutvalet drøfta vedtaket i saka, og vart samrøystes einige om å gjera vedtak likelydande med alternativ 1 frå sekretariatet sitt framlegg til vedtak, men ta inn tema «Osterøy aktiv» i punkt 2, samt å endre frå september til juni i punkt 3.

---

## VEDTAK

1. Kontrollutvalet har følgd opp plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024, vedteke i heradsstyret i sak 104/20.
2. Kontrollutvalet ynskjer å bestille framlegg til prosjektplan for ein eigarskapskontroll med tema «Osterøy aktiv» hos Vestlandsrevisjon IKS
3. Prosjektplanen, med forslag til problemstillingar, framdriftsplan og timeestimat, skal handsamast av kontrollutvalet innan juni 2023.
4. Prosjektet kjem til å gå inn i neste kommunestyreperiode, og vil verta slutthandsama av nytt kontrollutval og nytt heradsstyre.

---

## 10/23 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020-2024 – OPPFØLGING/OPPSUMMERING

---

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

#### **Alternativ 1**

1. Kontrollutvalet har oppsummert plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024, vedteke i heradsstyret i sak 105/20 og oppdatert i heradsstyret i sak 107/21.
2. Kontrollutvalet har bestilt to forvaltningsrevisjonar i inneverande periode, knytt til prioriterte område 1 og 3 i plan for forvaltningsrevisjon. Ved utgangen av perioden vil då to forvaltningsrevisjonar ha blitt gjennomført. Dette samsvarar med budsjett for forvaltningsrevisjon for inneverande periode.
3. Kontrollutvalet prioriterer ikkje å setje i gong ein tredje forvaltningsrevisjon i inneverande periode.

#### **Alternativ 2**



1. Kontrollutvalet har følgd opp plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024, vedteke i heradsstyret i saka 105/20 og oppdatert i heradsstyret i sak 107/21.
2. Kontrollutvalet har bestilt to forvaltningsrevisjonar i inneverande periode, knytt til prioriterte område 1 og 3 i plan for forvaltningsrevisjon. Ved utgangen av perioden vil då to forvaltningsrevisjonar ha blitt gjennomført.
3. Kontrollutvalet ynskjer å setje i gong ein tredje forvaltningsrevisjon i inneverande periode. Prosjektet kjem til å gå inn i neste kommunestyreperiode, og vil verta slutthandsama av nytt kontrollutval og nytt heradsstyre.
4. Kontrollutvalet vil drøfte tema med føremål om å bestille framlegg til prosjektplan hos Vestlandsrevisjon IKS i neste møte.
5. Prosjektplanen, med forslag til problemstillingar, framdriftsplan og timeestimat, skal handsamast i kontrollutvalet innan utgangen av oktober 2023.

---

#### HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta vedtaket i saka, og vart samrøystes einige om å gjera vedtak likelydande med alternativ 1 frå sekretariatet sine framlegg til vedtak.

---

#### VEDTAK

1. Kontrollutvalet har oppsummert plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024, vedteke i heradsstyret i sak 105/20 og oppdatert i heradsstyret i sak 107/21.
2. Kontrollutvalet har bestilt to forvaltningsrevisjonar i inneverande periode, knytt til prioriterte område 1 og 3 i plan for forvaltningsrevisjon. Ved utgangen av perioden vil då to forvaltningsrevisjonar ha blitt gjennomført. Dette samsvarar med budsjett for forvaltningsrevisjon for inneverande periode.
3. Kontrollutvalet prioriterer ikkje å setje i gong ein tredje forvaltningsrevisjon i inneverande periode.

---

### 11/22 OSTERØY KONTROLLUTVAL ÅRSMELDING 2022

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2022 slik den ligg føre. Sekretariatet sender årsmeldinga til kommunestyret til orientering.

---

#### HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta årsmeldinga.

Leiar vil presentera årsmeldinga i heradsstyret.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.





---

#### VEDTAK

Kontrollutvalet vedtek årsmeldinga for 2022 slik den ligg føre. Sekretariatet sender årsmeldinga til kommunestyret til orientering.

#### 12/22 MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

---

#### HANDSAMING I MØTET

Ingen særskilte saker løfta.

---

#### VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

#### 13/22 EVENTUELT

*Ingen saker.*



# Kontrollutval Nøkkeltall

14.02.2023

# Eksempel frå Bergen Kommune

## Finansielle måltall vedtatt av bystyret

1

Netto driftsresultat på minimum 1,7 % av driftsinntektene

2

Disposisjonsfond på minimum 10% av driftsinntektene

3

Gjeldsgrad på innenfor 70 % av driftsinntektene for ikke-avgiftsfinansiert gjeld

4

Verdibevarende vedlikeholdsnivå, etter Holtstandard, på bygg.


# Nøkkeltall

*Heradsstyret vedtok desember 2019* : Netto driftsresultat av driftsinntektene : 1,0 prosent


*Ny kommunelov 01012020:*

- § 14 – 1:  
Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at **den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.**
- § 14 – 2:  
Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta:
  - c) finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi


# Aktuelle måltall – netto driftsresultat av driftsinntekter



# Aktuelle måltall – Disposisjonsfond i prosent av driftsinntekter



# Aktuelle måltall - Lånegjeld i % av driftsinntektene



# Måltall over tid

	RES 2018	RES 2019	RES 2020	RES 2021	RES 2022	ØP 2023	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026
Netto driftsres i % av drifts-inntekter	3,1 %	-0,6 %	-1,0 %	1,6 %	1,4 %	-0,3 %	0,6 %	1,1 %	0,7 %
Langsiktig gjeld i % av drifts-inntekter eksl formidlingslån	69,0 %	80,3 %	86,9 %	84,9 %	87,0 %	95,0 %	102,0 %	109,0 %	113,0 %
Disposisjonsfond i % av drifts-inntekter	2,2 %	2,3 %	2,8 %	4,4 %	6,0 %	6,0 %	6,9 %	6,9 %	7,7 %

*Estimert disposisjonsfond pr. 31.12.2022 : 36,0 mill*

*Ca. lånegjeld uten formidlingslån pr. 31.12.2022 : 610 mill*